Kunnskapsdepartementet

Vedlegg

# Orientering om statsbudsjettet 2024 for universitet og høgskular

Etter vedtak i Stortinget 18. desember 2023.
Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.

# Orientering om statsbudsjettet 2024 for universitet og høgskular

Etter vedtak i Stortinget 18. desember 2023.

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.

## Kortnamn for universiteta og høgskulane

| Institusjon | Kortnamn |
|---|---|
| Ansgar høyskole | AHS |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | AHO |
| Barratt Due musikkinstitutt | BDM |
| Bergen Arkitekthøgskole | BAS |
| Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning | DMMH |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | FIH |
| Handelshøyskolen BI | BI |
| Høgskolen i Innlandet | HINN |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | HiM |
| Høgskolen i Østfold | HiØ |
| Høgskulen for grøn utvikling | HGUt |
| Høgskulen i Volda | HVO |
| Høgskulen på Vestlandet | HVL |
| Høyskolen for dansekunst | HFDK |
| Høyskolen for ledelse og teologi | HLT |
| Høyskolen Kristiania | HK |
| Kunsthøgskolen i Oslo | KHiO |
| Lovisenberg diakonale høgskole | LDH |
| MF vitenskapelig høyskole | MF |
| NLA Høgskolen | NLA |
| Nord universitet | NU |
| Noregs handelshøgskole | NHH |
| Noregs idrettshøgskole | NIH |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | NMBU |
| Noregs musikkhøgskole | NMH |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | NTNU |
| OsloMet – storbyuniversitetet | OM |
| Samisk høgskole | SA |
| Steinerhøyskolen | STH |
| Universitetet i Agder | UiA |
| Universitetet i Bergen | UiB |
| Universitetet i Oslo | UiO |
| Universitetet i Stavanger | UiS |
| Universitetet i Søraust-Noreg | USN |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | UiT |
| VID vitenskapelige høgskole | VID |

Innhald


**1 Innleiing ... 7**

**2 Mål for universitet og høgskular ... 8**

2.1 Om målstrukturen ... 8

2.2 Mål for 2024 ... 8

2.3 Kandidatmåltal for 2024 ... 9

2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane ... 11

**3 Løyvingar til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2024 12**

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2024 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 Universitet og høgskular ... 12

3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet ... 12

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260) ... 13

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50) ... 15

3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70) ... 18

3.3.3 Rammeauke i samband med avvikling av ordningar i HK-dir ... 19

3.4 Studieplassar ... 21

3.4.1 Nye studieplassar ... 21

3.4.2 Studieplassar frå Utdanningsløftet 2020 ... 21

3.4.3 Studieplassar som følge av krigen i Ukraina ... 22

3.4.4 Vidareføring og opptrapping av tildelte studieplassar frå tidlegare år ... 23

**4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular ... 24**

4.1 Rammefinansiering ... 24

4.2 Resultatbasert utteljing i 2024 ... 24

4.2.1 Budsjettendring gjennom den resultatbaserte utteljinga i 2024 ... 26

4.2.2 Dataspesifikasjonar og satsar ... 28

4.2.3 Datagrunnlag for resultatbasert utteljing 2024 ... 33

4.3 Systemet for resultatbasert utteljing i 2025 ... 41

4.3.1 Indikatorar og satsar ... 41

4.3.2 Rapportering av data for 2023 og resultatutteljing i budsjettet for 2025 ... 42

# 1 Innleiing

*Orientering om statsbudsjettet 2024 for universitet og høgskular* gir informasjon om løyvinga til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjettkapittel 260, jf. Innst. 12 S (2023–2024) og Prop. 1 S (2023–2024). Orienteringa skal saman med endeleg tildelingsbrev danne grunnlag for dei budsjettdisponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtek for 2024.

Orienteringa er delt inn i tre kapittel:

### *Mål for universitet og høgskular*

- Kap. 2 viser dei overordna måla for sektoren som institusjonane skal legge til grunn. Kap. 2 viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

### *Budsjett og endringar i løyving*

- Kap. 3.1 og 3.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskular.
- Kap. 3.3 viser endringar i løyvingane frå 2023 til 2024 per universitet og høgskule.
- Kap. 3.4 viser nye studieplassar og opptrapping av tildelingar til studieplassar frå tidlegare år.

### *Finansieringssystemet*

- Kap. 4.1 beskriv finansieringssystemet i 2024 for universitet og høgskular.
- Kap. 4.2 beskriv endringa i den resultatbaserte utteljinga i 2024 for universitet og høgskular. Kap. 4.2 beskriv også dataspesifikasjonar, satsar og datagrunnlag for den resultatbasert utteljinga i 2024.
- Kap. 4.3 beskriv systemet for resultatbasert utteljing i 2025.

# 2 Mål for universitet og høgskular

## 2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet fastset overordna og langsiktige mål for universiteta og høgskulane som får løyving over Kunnskapsdepartementets budsjett. Måla for 2024 er dei same som måla for 2023. Dei er fastsett etter innspel frå sektoren og for å reflektere dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgskular. Måla er òg sett i samanheng med måla i langtidsplanen for forsking og høgare utdanning som gjeld uavhengig av sektor.

Departementet har utviklingsavtalar med kvar av dei statlege universiteta og høgskulane, jf. *Rammeverk for utviklingsavtaler for statlige universiteter og høyskoler*.[1] Utviklingsavtalane har som formål å bidra til høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelege institusjonsprofilar og god arbeidsdeling. Avtalane inneheld differensierte mål og styringsparameter som beskriv strategiske prioriteringar som den enkelte institusjonen har for å bidra til å nå dei nasjonale sektormåla. Utviklingsavtalane er eit verktøy i styringsdialogen og skal bidra til å utvikle institusjonane og sektoren.

Utviklingsavtalane inngår i tildelingsbreva til institusjonane. Departementet har ikkje utviklingsavtalar med dei private høgskulane, men følger opp mål og resultat som del av tilskottsforvaltninga.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

## 2.2 Mål for 2024

Kunnskapsdepartementet har fastsett tre overordna mål for høgare utdanning og forsking i Prop. 1 S (2023–2024). Universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Krav til rapportering til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ligg på DBH-nettsidene til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).[2] For rapporteringskrav til årsrapporten viser vi til vedlegg til endeleg tildelings- og tilskotsbrev.

For 2024 gjeld desse overordna og langsiktige måla:

- *Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forsking*
- *Mål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon*
- *Mål 3: God tilgang til utdanning, forsking og kompetanse i heile landet*

---

[1] https://www.regjeringen.no/contentassets/ce7184cc34cb49e6b4c4bf7b4e09962b/vedlegg-rammeverk-for-utviklingsavtaler-2037558.pdf
[2] https://dbh.hkdir.no/frister-og-rapportering/rapporteringskrav

## 2.3 Kandidatmåltal for 2024

Departementet har fastsett kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Tabellen nedanfor viser kandidatmåltal for 2024 fordelte på utdanningar og institusjonar. Kunnskapsdepartementet vil gå gjennom bruken av kandidatmåltal og vurdere alternative verkemiddel i arbeidet med den komande stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane.

| | **Helsefagutdanningane** | | | | | | | | | | | | | | | | | | **Lærarutdanningane** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inst.** | **ABIOK- utd.** | **Audiografutd.** | **Bioingeniørutd.** | **Tegnspråk og tolkning** | **Ergoterapiutd.** | **Klinisk ernæringsfysiologi** | **Farmasiutd. BA** | **Farmasiutd. MA** | **Fysioterapiutd.** | **Jordmorutd.** | **Medisinutd.** | **Odontologiutd.** | **Psykologi prof.utd.** | **Radiografutd.** | **Sjukepleiarutd.** | **Tannteknikarutd.** | **Tannpleiarutd.** | **Vernepleiarutd.** | **Barnehagelærar-utd.** | **GLU 1-7** | **GLU 5-10** | **Integrert, 5 år** | **PPU og PPU-Y** | **Faglærarutd.** | **Yrkesfaglærar-utd.** |
| NU | 26 | | | | | | 21 | | | | | | | | 368 | | | 36 | 124 | 97 | 72 | | 110 | 41 | |
| NMBU | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 64 | | |
| NTNU | 154 | 29 | 73 | 20 | 57 | | | 12 | 52 | 25 | 126 | | 63 | 51 | 453 | | | 70 | | 149 | 94 | 75 | 222 | | 69 |
| OM | 120 | | 50 | 28 | 51 | | 41 | | 134 | 34 | | | | 34 | 492 | 20 | | 173 | 331 | 151 | 102 | | 205 | 88 | 128 |
| UiA | 25 | | 20 | | | | | | | | | | | | 211 | | | 35 | 113 | 65 | 43 | 28 | 139 | 20 | |
| UiB | | | | | | 24 | | 25 | | | 168 | 45 | 80 | | | | 30 | | | | | 28 | 211 | | |
| UiO | | | | | | 32 | | 55 | | | 200 | 62 | 112 | | | | 20 | | | | | 109 | 293 | | |
| UiS | 34 | | | | | | | | | 14 | | | | | 207 | | | 20 | 115 | 56 | 37 | 28 | 178 | 20 | |
| USN | 51 | | | | | | | | | 20 | | | | 20 | 376 | | 20 | 77 | 248 | 138 | 86 | | 202 | 68 | |
| UiT | 50 | | 20 | | 20 | 12 | | 25 | 33 | 20 | 97 | 32 | 39 | 24 | 289 | | 12 | 64 | 138 | 67 | 63 | 50 | 132 | 25 | |
| HiM | | | | | | | | | | | | | | | 87 | | | 54 | | | | | | | |
| NIH | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 38 | | |
| NMH | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 24 | | |
| HINN | 26 | | | | | | | | | | | | | | 184 | | 24 | 65 | 137 | 71 | 47 | | 63 | 43 | |
| HVL | 65 | | 39 | 20 | 30 | | | | 68 | 35 | | | | 25 | 463 | | | 98 | 256 | 186 | 137 | | 276 | 48 | |

| | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inst.** | **ABIOK- utd.** | **Audiografutd.** | **Bioingeniørutd.** | **Tegnspråk og tolkning** | **Ergoterapiutd.** | **Klinisk ernæringsfysiologi** | **Farmasiutd. BA** | **Farmasiutd. MA** | **Fysioterapiutd.** | **Jordmorutd.** | **Medisinutd.** | **Odontologiutd.** | **Psykologi prof.utd.** | **Radiografutd.** | **Sjukepleiarutd.** | **Tannteknikarutd.** | **Tannpleiarutd.** | **Vernepleiarutd.** | **Barnehagelærar-utd.** | **GLU 1–7** | **GLU 5–10** | **Integrert, 5 år** | **PPU og PPU-Y** | **Faglærarutd.** | **Yrkesfaglærar-utd.** |
| HVO | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 83 | 43 | 29 | | 72 | | |
| HiØ | 22 | | 22 | | | | | | | | | | | | 117 | | | 61 | 94 | 47 | 32 | | 103 | | |
| SA | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 2 | 2 | 2 | | | | |
| KHiO | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 13 | | |
| VID | 52 | | | | 30 | | | | | | | | | | 383 | | | 138 | | | | | | | |
| DMMH | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 49 | | | | | | |
| LDH | 66 | | | | | | | | | | | | | | 191 | | | 12 | | | | | | | |
| NLA | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 77 | 62 | 47 | | | | |
| STH | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 16 | | | | | |
| **Sum** | **691** | **29** | **224** | **68** | **188** | **68** | **62** | **117** | **287** | **148** | **591** | **139** | **294** | **154** | **3 821** | **20** | **106** | **903** | **1 787** | **1 150** | **791** | **338** | **2 345** | **353** | **197** |

## 2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/ dialog-/kontaktmøte og skriftleg tilbakemelding.

Ein analyse av resultata i sektoren blir årleg lagt fram i tilstandsrapporten for høgare utdanning.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) utgjer hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på utviklingsavtalene og eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftlege tilbakemeldinga. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følgje opp tilbakemeldinga frå departementet.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har ansvar for akkreditering og for å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning. NOKUT har ansvar for å føre kontroll med private høgskular som mottek statstilskot, og med studentsamskipnadane. NOKUT har også ansvar for å føre kontroll med økonomiforvaltninga og arbeid med tryggleik- og beredskap innanfor høgare utdanning og forsking, dvs. universitet og høgskular, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør, Norsk utanrikspolitisk institutt, Noregs forskingsråd og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane.

Ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning blei overført frå NOKUT til HK-dir 1. januar 2023.

# 3 Løyvingar til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2024

Samla løyving for universitet og høgskular er 45,4 mrd. kroner i 2024, fordelte med 43 mrd. kroner til statlege universitet og høgskular på kap. 260, post 50 og 2,3 mrd. kroner til private høgskular på kap. 260, post 70.

## 3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2024 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 Universitet og høgskular

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260 (post 50 og 70). Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Rammeauke i samband med avvikling av ordningar i HK-dir | 327 773 |
| Resultatbasert utteljing | 151 090 |
| Studieplassmidlar med opphaveleg tildeling 2019–2023 | 101 465 |
| Nye studieplassar 2024 | 29 630 |
| Inndekning for satsingar/omprioriteringar i høgare utdanning og forsking | -437 163 |
| Utfasing av studieplassar tildelt i samband med RNB 2020 (Utdanningsløftet) | -208 070 |
| Opptrapping studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits | -155 406 |
| Utfasing av rekrutteringsstillingar tildelt i samband med RNB 2020 (Utdanningsløftet) | -127 000 |
| Auke som følge av prisjustering for 2024 og vidareføring av ekstraordinær prisjustering for 2023, justert for ein reduksjon på 50 mill. kroner frå budsjettforliket | 2 772 488 |

## 3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2024 til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop 1 S. (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Vidareføring av byggeprosjektet Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 530, post 33) | 2 700 000 |
| Utstyr og inventar til Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 530, post 45) | 110 000 |
| Vidareføring av byggeprosjektet Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 530, post 33) | 685 000 |
| Utstyr og inventar til Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 530, post 45) | 35 000 |
| Igangsetting av ny campus i Trondheim, NTNU (kap. 530, post 31) | 168 800 |
| Utstyr og inventar til ny campus i Trondheim, NTNU (kap. 530, post 45) | 8 900 |
| Vidareføring av byggeprosjektet Blått bygg, NU (kap. 2445, post 33) * | 123 000 |
| Ny energisentral ved UiS (kap. 2245, post 34). Brukarfinansiert | 86 250 |
| Areal til skodespelarutdanninga i Levanger ved NU (kap. 2445, post 34). Brukarfinansiert | 23 820 |

| | |
|---|---|
| Nybygg for helse- og sosialfag, NTNU (kap. 2445, post 34). Brukarfinansiert | 20 000 |
| Vidareføring av byggeprosjektet Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 530, post 33). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar | 1 000 000 |
| Utstyr og inventar til Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 530, post 45). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar | 906 600 |

* I tillegg kjem ein auke på 43 mill. kroner til brukarutstyr til Blått bygg over kap. 260, post 50.

## 3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2023 til 2024 i løyvinga for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260, post 50 og for dei enkelte private høgskulane over kap. 260, post 70.

Tabellane med endra løyving per institusjon er bygde opp som følger:

- Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2023* som er tildeling per institusjon i tildelingsbrev/ tilskotsbrev i samband med statsbudsjettet for 2023.
- Kolonnen *Prisjustering* viser prisjusteringa av *Saldert budsjett 2023* og vidareføring av den ekstraordinære prisjusteringa som blei løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Satsen for prisjustering for 2024 er 4,4 pst. som for andre 50- og 70-postar i statsbudsjettet. Prisjusteringa blei redusert med 50 mill. kroner i budsjettforliket.
- *Studieplassar 2019–2023* viser netto endringar som følge av midlar til studieplassar tildelte i budsjetta frå 2019 til og med 2023. Sjå oversikt over studieplassane under *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Utfasing rekr. stillingar* viser ein reduksjon i løyvinga som følge av at midlane til dei 250 mellombelse rekrutteringsstillingane som blei løyvde i samband med Utdanningsløftet 2020 fases ut.
- *Resultatbasert utteljing* viser utteljing som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane med open og lukka budsjettramme. Kap. 4.2 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.
- *Inndekning satsingar* viser ein reduksjon i løyvinga for å frigjere midlar til nye satsingar og omprioriteringar innanfor høgare utdannings- og forskingssektoren. Reduksjonen er som utgangspunkt fordelt pro rata, men institusjonar med høge søkartal per studieplass, dei med stor del studentar i helse-, lærar- og MNT-fag og dei med stor del EU-inntekter, får ein noko mindre reduksjon.
- *Omfordeling Ukraina* viser endringar i løyvinga som følge av at midlar som blei løyvde i 2022 til studieplassar for flyktningar frå Ukraina blei fordelte om i revidert nasjonalbudsjett for 2023 og at løyvinga blei justert ned med 21 mill. kroner i samband med budsjettforliket og fordelt på nytt i 2024. Sjå oversikt over studieplassar for flyktningar frå Ukraina under *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Rammeauke* viser ein auke i løyvinga som følge av at det blir flytta midlar frå program og tilskotsordningar forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse til universiteta og høgskulane. Kap. 3.3.3 gir ei nærmare forklaring av flyttinga.

- *Studieavgift* visar ein reduksjon i løyvinga som følge av at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Ved innføringa blei det lagt til grunn at internasjonale studentar i gjennomsnitt tek ei toårig utdanning. Reduksjonen i løyvinga blir derfor trappa opp over to år, ettersom det blir teke opp eit nytt kull som betaler studieavgift.
- *Nye studieplassar* viser ein auke i løyvinga som følge av nye studieplassar i 2024. Sjå oversikt over studieplassane i *kap. 3.4 Studieplassar*
- *Andre endringar* viser andre tiltak med verknad for enkelte institusjonar. Sjå forklaringane for den enkelte institusjonen nedanfor tabellane.
- *Rammeløyving 2024* er tildelinga per institusjon, og svarar til summen av *Saldert budsjett 2023* og endringane.

## 3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2023 til 2024 i 1 000 kroner.*

| | Saldert budsjett 2023 | Pris-justering | Studie-plassar 2019–2023 | Utfasing rekr.-stillingar | Resultat-basert utteljing | Inndekning satsingar | Om-fordeling Ukraina | Ramme-auke (jf. kap. 3.3.3) | Studie-avgift | Nye studie-plassar | Andre endringar | Ramme-løyving 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| NU | 1 711 143 | 110 485 | -5 088 | -5 080 | 8 474 | -19 046 | -1 574 | 25 212 | -4 802 | 902 | 57 915 | 1 878 541 |
| NMBU | 1 533 426 | 99 501 | -7 868 | -7 620 | -23 320 | -14 221 | -1 049 | 4 195 | -6 122 | - | - | 1 576 922 |
| NTNU | 7 546 995 | 490 685 | -14 915 | -14 732 | 34 177 | -68 923 | -3 674 | 37 288 | -24 874 | 5 393 | -5 777 | 7 981 643 |
| OM | 2 877 595 | 186 224 | -15 782 | -10 160 | 38 129 | -27 580 | -2 623 | 20 406 | -8 776 | 451 | -864 | 3 057 020 |
| UiA | 1 708 137 | 110 015 | 4 825 | -2 540 | 18 407 | -19 662 | 1 571 | 20 812 | -5 235 | 451 | - | 1 836 781 |
| UiB | 4 088 175 | 264 597 | -4 240 | -8 128 | 1 304 | -45 019 | -2 888 | 13 888 | -13 695 | 3 365 | 4 000 | 4 301 359 |
| UiO | 6 116 002 | 395 857 | -6 498 | -9 652 | -11 522 | -57 512 | -1 576 | 6 976 | -26 724 | 3 816 | 13 891 | 6 423 058 |
| UiS | 1 892 644 | 122 642 | -9 441 | -8 128 | 4 747 | -19 396 | 1 047 | 13 126 | -15 754 | - | - | 1 981 487 |
| USN | 2 164 791 | 140 064 | -9 756 | -9 144 | -1 295 | -22 583 | -2 099 | 31 441 | -9 596 | 1 099 | 8 000 | 2 290 922 |
| UiT | 3 806 533 | 245 987 | 2 839 | -11 684 | -5 085 | -42 056 | -1 050 | 47 724 | -10 891 | - | 28 742 | 4 061 059 |
| AHO | 240 534 | 15 525 | - | -1 016 | -262 | -1 923 | 891 | - | -875 | - | - | 252 874 |
| HiM | 338 228 | 21 840 | 315 | -3 048 | 4 250 | -3 788 | -1 049 | 4 200 | -1 451 | - | - | 359 497 |
| NHH | 618 764 | 40 377 | -3 672 | -2 032 | -4 820 | -7 943 | -787 | 2 900 | -3 322 | - | - | 639 465 |
| NIH | 256 241 | 16 576 | -1 049 | -508 | -931 | -2 050 | - | 1 195 | - | - | 2 098 | 271 572 |
| NMH | 314 165 | 20 305 | -3 821 | -1 016 | 5 579 | -4 016 | 1 100 | 3 098 | -892 | - | -32 | 334 470 |
| HINN | 1 369 382 | 88 572 | -5 758 | -5 080 | 36 400 | -15 971 | -2 098 | 27 133 | -3 132 | 1 951 | 9 300 | 1 500 699 |
| HVL | 2 284 700 | 147 381 | -6 714 | -5 588 | 25 764 | -22 584 | -2 623 | 33 562 | -3 034 | 451 | - | 2 451 315 |
| HVO | 435 109 | 28 148 | -4 246 | -3 048 | -180 | -5 562 | -525 | 7 978 | -950 | - | - | 456 724 |
| HiØ | 809 381 | 52 169 | 2 675 | -2 540 | -479 | -8 019 | -1 049 | 8 301 | -2 336 | 451 | - | 858 554 |
| KHiO | 387 443 | 24 898 | - | - | 1 397 | -3 095 | 1 468 | 3 298 | -727 | - | - | 414 682 |
| SA | 100 901 | 6 534 | -525 | -508 | 26 | -1 292 | | 1 489 | -104 | - | 12 081 | 118 602 |

## Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

### Nord universitet

Auke på 43 013 000 kroner til brukarutstyrsprosjektet for Blått bygg.
Auke på 11 902 000 kroner til husleigekompensasjon for Blått bygg.
Auke på 3 mill. kroner til å styrke fagmiljøet i sørsamisk og lulesamisk.

### Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Reduksjon på 10 mill. kroner som følge av at prosjekteringsarbeidet for NTNU Campussamling er avslutta.
Eingongsløyving på 5 mill. kroner for å etablere ei flyingeniørutdanning.
Reduksjon på 777 000 kroner som følge av at stipendmidlar til Nordkurs er flytta frå NTNU til UiO.

### OsloMet – storbyuniversitetet

Reduksjon på 864 000 kroner som følge av at vidareutdanningstilbodet for jødiske vegvisarar er flytta frå OsloMet til UiO.

### Universitetet i Bergen

Auke på 4 mill. kroner for å styrke Termportalen.

### Universitetet i Oslo

Auke på 9 mill. kroner til arbeidet med Norwegian Internet Exchange.
Auke på 3 250 000 kroner til husleigekompensasjon for universitetsareala i Radiumhospitalet.
Auke på 864 000 kroner som følge av at vidareutdanningstilbodet for jødiske vegvisarar er flytta til UiO frå OsloMet.
Auke på 777 000 kroner som følgje av at stipendmidlar til Nordkurs er flytta til UiO frå NTNU.

### Universitetet i Søraust-Noreg

Auke på 8 mill. kroner for å etablere ein campus på Gol.

### Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Auke på 20 mill. kroner til å føre vidare infrastrukturen som er bygd opp gjennom miljøovervakingssystemet COAT.
Auke på 5 742 000 kroner til studietilbod innanfor mellom anna reiseliv og entreprenørskap, tryggleik og beredskap i Aust-Finnmark.
Auke på 1,5 mill. kroner for å legge til rette for nasjonale, fleksible språk- og lærarutdanningar i nordsamisk.
Auke på 1,5 mill. kroner til å etablere eit senter for samisk leksikografi.

### Noregs idrettshøgskole

Auke på 2 098 000 kroner som følge av at studentane startar fjerde studieår i den nye, femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag hausten 2024.

### Noregs musikkhøgskole

Reduksjon på 32 000 kroner som følge av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemder.

### Høgskolen i Innlandet

Eingongsløyving på 6,3 mill. kroner for å etablere ein fysioterapiutdanning.
Auke på 3 mill. kroner for å styrke forskingsaktiviteten på Kongsvinger.

### Samisk høgskole

Auke på 7 mill. kroner til å styrke drifta, etablere ei samisk tolkutdanning og utvide begynnaropplæringa i samisk språk.
Auke på 3 mill. kroner for å legge til rette for nasjonale, fleksible språk- og lærarutdanningar i nordsamisk.
Auke på 2 081 000 kroner til studietilbod innanfor samisk begynnaropplæring og vidareutdanningstilbod i Aust-Finnmark.

### 3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2023 til 2024 i 1 000 kroner.*

| | Saldert budsjett 2023 | Prisjustering | Studie-plassar 2019–2023 | Utfasing rekr.-stillingar | Resultat-basert utteljing | Inndekning satsingar | Om-fordeling Ukraina | Ramme-auke (jf. kap. 3.3.3) | Studie-avgift | Andre endringar | Rammeløyving 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| BI | 451 677 | 29 702 | -8 654 | -5 080 | -4 098 | -5 774 | - | | -4 136 | | 453 637 |
| MF | 121 301 | 7 867 | 1 574 | | -4 832 | -1 551 | -315 | 498 | -2 472 | | 122 070 |
| VID | 495 898 | 32 467 | -2 413 | -3 556 | 12 960 | -4 661 | 525 | 4 600 | -1 683 | | 534 137 |
| AHS | 32 452 | 2 113 | | | -715 | -382 | - | | | | 33 468 |
| BDM | 31 562 | 2 056 | | | | -403 | - | 99 | -48 | | 33 266 |
| BAS | 22 715 | 1 479 | | | -2 169 | -200 | - | | -177 | | 21 648 |
| DMMH | 156 808 | 10 235 | -525 | -508 | -4 208 | -1 555 | - | 3 368 | -71 | | 163 544 |
| FIH | 16 821 | 1 095 | | | -960 | -215 | - | | -1 102 | | 15 639 |
| HFDK | 2 176 | 142 | | | | -28 | - | | | | 2 290 |
| HGUt | 3 160 | 206 | | | -253 | -40 | - | | | | 3 073 |
| HLT | 18 456 | 1 201 | | | -445 | -236 | - | | -1 380 | | 17 596 |
| HK | 373 356 | 24 517 | -6 032 | -3 556 | 19 273 | -4 773 | -2 623 | 1 000 | -104 | | 401 058 |
| LDH | 142 374 | 9 349 | -2 098 | -1 524 | 2 119 | -1 279 | - | 300 | -132 | | 149 109 |
| NLA | 315 117 | 20 552 | 262 | -1 524 | 4 544 | -3 644 | - | 3 488 | -583 | | 338 212 |
| STH | 17 600 | 1 125 | | | -886 | -181 | - | 198 | -226 | 1 049 | 18 679 |

## Forklaringar på andre endringar

### Steinerhøyskolen

Auke på 1 049 000 kroner til det femte året av grunnskulelærarutdanninga.

### 3.3.3 Rammeauke i samband med avvikling av ordningar i HK-dir

I tråd med regjeringa sitt forslag har Stortinget vedtatt å auke rammeløyvinga til universitet og høgskular og avvikle/fase ut ein del søknadsbaserte ordningar i HK-dir som har vore retta mot både kvalitetsarbeidet i sektoren, internasjonalt arbeid og fleksibel og desentralisert utdanning. Endringane inneber ei avbyråkratisering i høgare utdanning ved å overføre ansvar til institusjonane.

14 mill. kroner til kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid er fordelte på bakgrunn av tildelingane institusjonane har fått frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). 17 mill. kroner til maritim utdanning er fordelte dels basert på tildelingane frå MARKOM2020-programmet og dels basert på omfanget av maritim utdanning.

76,8 mill. kroner til lærarutdanning er fordelte med utgangspunkt i den tidlegare tildelinga over kap. 275 til partnarskapssamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane. Løyvinga skal bidra til å føre vidare partnarskapa og anna arbeid med kvalitetsutvikling i lærarutdanning. Fordelinga er justert for at institusjonane kan legge betre til rette for at personar med tidlegare påbegynt lærarutdanning eller anna relevant utdanning kan ta og fullføre ei lærarutdanning.

20 mill. kroner er fordelt basert på dei tidlegare tildelingane frå kvalitetsprogramma i HK-dir, inkl. ordninga med senter for framifrå utdanning. Kunnskapsdepartementet tek sikte på å flytte om lag 100 mill. kroner til kap. 260 i 2025 med same fordelingsgrunnlag.

200 mill. kroner er tildelt for å gjere utdanning tilgjengeleg for fleire gjennom å styrke det desentraliserte og fleksible utdanningstilbodet. Midlane er fordelte dels ut frå omfanget av desentralisert og fleksibel utdanning og dels ut frå i kva grad dei faste campusane er tilgjengelege i regionar med dårlegare tilgang til høgare utdanning. Kriteria omfattar både det totale omfanget av desentralisert undervisning registrert i DBH og tildelingane institusjonane har fått frå ordninga for fleksibel og desentralisert utdanning i HK-dir. Dei campusbaserte kriteria omfattar sentralitetsindeksen til kommunane der campusane er plassert, og i kva grad dei er nærmaste institusjon til innbyggarar som elles har lange avstandar til høgare utdanning. Tildelinga er også justert noko opp for institusjonar som blir meir resultatutsette med dei nye finansieringskategoriane og satsane for å gjere desse mindre sårbare for variasjonar i studenttalet.

Tabellen nedanfor viser fordelinga av rammeauken:

*Oversikt over rammeauke per institusjon i 1000 kr.*

| | Kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid | Maritim utdanning | Lærar-utdanning | Rammeauke frå kvalitets-programma | Desentralisert og fleksibel utdanning |
|---|---|---|---|---|---|
| NU | | | 5 412 | 1 100 | 18 700 |
| NMBU | | | 495 | 1 000 | 2 700 |
| NTNU | 2 200 | 4 000 | 6 688 | 2 500 | 21 900 |
| OM | | | 8 706 | 600 | 11 100 |
| UiA | | | 5 412 | 2 100 | 13 300 |
| UiB | 3 500 | | 1 088 | 3 200 | 6 100 |
| UiO | | | 2 176 | 4 800 | |
| UiS | | | 5 026 | | 8 100 |
| USN | | 5 300 | 8 241 | 2 800 | 15 100 |
| UiT | 900 | 3 300 | 4 224 | 800 | 38 500 |
| HiM | | | | | 4 200 |
| NHH | | | | | 2 900 |
| NIH | | | 495 | | 700 |
| NMH | 2 900 | | 198 | | |
| HiNN | 700 | | 4 333 | 1 100 | 21 000 |
| HVL | | 4 400 | 10 062 | | 19 100 |
| HVO | | | 2 978 | | 5 000 |
| HiØ | 700 | | 3 601 | | 4 000 |
| KHiO | 3 100 | | 198 | | |
| SA | | | 989 | | 500 |
| MF | | | 198 | | 300 |
| VID | | | | | 4 600 |
| BDM | | | 99 | | |
| DMMH | | | 2 968 | | 400 |
| HK | | | | | 1 000 |
| LDH | | | | | 300 |
| NLA | | | 2 988 | | 500 |
| STH | | | 198 | | |

## 3.4 Studieplassar

### 3.4.1 Nye studieplassar

Stortinget har løyvd midlar til:

- 100 studieplassar i IKT, 30 plassar til NTNU, 20 til UiO og 10 kvar til OsloMet, UiA, UiB , HVL og HiØ. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori E.
- 60 studieplassar i medisin, 20 kvar til NTNU, UiB og UiO. Studieplassane er 6-årige plassar i kategori A.
- 25 studieplassar til etablering av flyingeniørutdanning ved NTNU. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori E.
- 20 studieplassar i fysioterapi ved HINN. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori D.
- 20 studieplassar i skogfag ved NU. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori E.
- 20 studieplassar i vernepleie ved HINN. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori E.
- 10 studieplassar i folkedans ved USN. Studieplassane er 3-årige plassar i kategori B.

Ein studieplass er definert som 60 studiepoeng, som i praksis inneber at institusjonen må auke det årlege opptaket av studentar med meir enn éin ny student per studieplass for å møte kravet om 60 studiepoeng.

Til dømes vil ein søknad om midlar til 10 nye studieplassar bety at institusjonen aukar det årlege opptaket med minst 10 studentar. For ei treårig utdanning vil det då vere minst 30 fleire studentar årleg i utdanningsløpet når løyvinga er fullt trappa opp. For ei femårig utdanning vil det tilsvarande vere minst 50 fleire.

### 3.4.2 Studieplassar frå Utdanningsløftet 2020

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. Løyvingane blei trappa opp i 2021 og 2022 for å vidareføre opptaket for desse plassane, unntatt for 300 studieplassar i juridiske og økonomisk-administrative fag som ikkje blei vidareførte i 2022. Regjeringa foreslår å ikkje trappe opp løyvingane for opptak av nye kull i 2023, med unntak for 80 studieplassar i medisin, jf. tabellen *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2020 til og med Prop. 1 S (2022–2023)* i kap. 3.4.3. Institusjonane får midlar til at kulla som blei tekne opp i 2020-2022 får gå ferdig studieløpa sine. Følgande studieplassar blir fasa ut med halvårseffekt i 2024:

- 4-årige studieplassar i sjukepleiarutdanning, andre helse- og sosialfagutdanningar, barnehagelærarutdanning, andre lærarutdanningar og pedagogikk, juridiske og økonomisk-administrative fag, utøvande musikk og MNT
- 1-årige studieplassar i PPU/PPU-Y

Studieplassar tildelte til korte utdanningar blir fasa ut med ein heilårseffekt. Det gjeld følgande:

- 2-årige studieplassar i vidareutdanning i sjukepleie og utdanning i film, kunst og design, musikkterapi, biomedisin, klinisk ernæring og fysisk planlegging
- 3-årige studieplassar i animasjon

### 3.4.3 Studieplassar som følge av krigen i Ukraina

I 2022 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 1 000 studieplassar retta mot studentar som følge av krigen i Ukraina. Løyvinga er berekna som fireårige plassar i kategori D, ho er mellombels og skal fasast ut med normal studieprogresjon, eller tidlegare dersom plassane ikkje blir brukt, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). I statsbudsjettet for 2023 blei løyvinga redusert frå 1 000 til 500 plassar. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 fordelte departementet om midlar mellom institusjonane, basert på rapportering for haustsemesteret 2022, jf. Innst. 490 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023). Løyvinga skal fasast ut frå og med 2026.

I samband med budsjettforliket for 2024 er løyvinga redusert frå 500 til 300 plassar på bakgrunn av at det er færre ukrainske flyktningar i høgare utdanning enn tidlegare anslått. Kunnskapsdepartementet har gjort ei ny fordeling av midlane mellom institusjonane på bakgrunn av innrapporterte tal på studentar med ukrainsk statsborgarskap i Database for statistikk om høgare utdanning. Tabellen nedanfor viser den nye fordelinga av studieplassar i 2024.

| | Tal på plassar for ukrainske flyktningar i 2024 |
|---|---:|
| NU | 5 |
| NMBU | 5 |
| NTNU | 35 |
| OM | 15 |
| UiA | 35 |
| UiB | 35 |
| UiO | 35 |
| UiS | 35 |
| USN | 15 |
| UiT | 10 |
| AHO | 12,5 |
| HiM | 5 |
| NMH | 12,5 |
| HINN | 5 |
| HiØ | 5 |
| KHiO | 15 |
| VID | 10 |
| NLA | 10 |

### 3.4.4 Vidareføring og opptrapping av tildelte studieplassar frå tidlegare år

Tabellen nedanfor viser auken i 2024 i talet på studieplassar for fleirårige utdanningar, tildelte i samband med statsbudsjetta frå og med Prop. 117 S (2019 – 2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*, som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Det kom ikkje midlar til nye studieplassar i 2021.

Tildelte studieplassar som er ferdig oppbygde i 2023, men som inneber auka løyving også for første halvår i 2024, er ikkje med i tabellane. Denne løyvinga inngår i kolonnen *Studieplassar 2019-2023* i tabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Det gjeld følgande studieplassar:

- 5-årige strategiske studieplassar i kategori D, jf. Statsbudsjettet 2019
- 5-årige utdanningar i barnevern, jf. Statsbudsjettet 2019
- 4-årige utdanningar innanfor helse- og sosialfag, jf. Statsbudsjettet 2020
- 4-årige utdanningar i teknologi, grønt og blått skifte, jf. Statsbudsjettet 2020
- 2-årige utdanningar i barnevern, jf. Statsbudsjettet 2022

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2020 til og med Prop. 1 S (2022-2023)*

| | RNB 2020 | 2022 | Prop. 51 S (2021-2022) | 2023 | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Medisin, kat. A, 6 år | Medisin, kat. A 6 år | Sjukepleiar, kat. D 4 år | Medisin, kat. A 6 år | Nukleære fag, kat. D, 5 år |
| NU | | | 25 | | |
| NMBU | | | | | 20 |
| NTNU | 20 | | 4 | | |
| OM | | | | | |
| UiA | | | 59 | | |
| UiB | 20 | | | | |
| UiO | 20 | | | | 20 |
| UiS | | | 20 | | |
| USN | | | 37 | | |
| UiT | 20 | 15 | | 30 | |
| HiM | | | 52 | | |
| HINN | | | 4 | | |
| HVL | | | 14 | | |
| HiØ | | | 43 | | |
| VID | | | 32 | | |
| LDH | | | 10 | | |

# 4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

## 4.1 Rammefinansiering

Den samla budsjettramma til universitet og høgskular blir løyvd over kap. 260, post 50 for universitet og statlege høgskular og post 70 for private høgskular.

Rammefinansieringa inneber at institusjonane skal sjå heile rammeløyvinga under eitt, og gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Systemet med resultatbasert utteljing inneber at institusjonane får ei regelstyrt endring i si rammeløyving basert på resultatendringane sine. Regjeringa la fram endringar i systemet for resultatbasert utteljing i Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge* og Prop. 1 S (2023–2024). Endringane vil få verknad i budsjettet for 2025.

## 4.2 Resultatbasert utteljing i 2024

Utteljinga i 2024 er basert på følgande indikatorar:

- Tal på studiepoeng (open ramme)
- Tal på utvekslingsstudentar, inkludert Erasmus+-studentar (open ramme)
- Tal på ferdigutdanna kandidatar (open ramme)
- Tal på doktorgradskandidatar (open ramme)
- Midlar frå EU (lukka ramme)
- Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond (lukka ramme)
- Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (lukka ramme)
- Vitskapleg publisering (publiseringspoeng) (lukka ramme)

Den regelstyrte resultatbaserte utteljinga med open ramme i budsjettet for 2024 avheng av endringa i resultata på dei fire indikatorane mellom 2021 og 2022. For desse indikatorane blir resultatendringa multiplisert med satsen for indikatoren. Det vil seie at institusjonane får meir midlar dersom dei har ein auke i resultata på desse indikatorane. Tilsvarande får institusjonane negativ utteljing dersom dei har ein nedgang.

For indikatorar med lukka ramme avheng utteljinga av endringa i institusjonen sin del av det samla resultatet i sektoren. Indikatorane med lukka ramme blir avvikla i 2025-budsjettet. Utteljinga i 2024 er berekna basert på eit treårig gjennomsnitt, slik at ikkje tilfeldige variasjonar i dei årlege resultata skal gi utslag i det varige løyvingsnivået for institusjonane framover. Endringa i prosentdelen frå 2021 til gjennomsnittet for 2020–2022 blir multiplisert med ramma til indikatoren. Det betyr at ein institusjon får meir/mindre midlar dersom han aukar/reduserer sin del av høvesvis total vitskapeleg publisering, EU-midlar, forskingsrådsmidlar og BOA-inntekter samanlikna med dei andre institusjonane.

Følgande institusjonar deltek på alle indikatorar i finansieringssystemet:

- Universiteta
- Statlege høgskular med unntak av Kunsthøgskolen i Oslo, Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- Høyskolen Kristiania, Handelshøyskolen BI, MF vitskapleg høgskole og VID vitskapleg høgskole

To grupper av institusjonar har heilt eller delvis unntak frå indikatorane i den resultatbaserte utteljinga:

- Statlege høgskular med kunstfagleg profil
- Private høgskular utanom dei vitskaplege høgskulane og Høyskolen Kristiania

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over dei indikatorane dei deltek på:

*Deltaking på dei åtte indikatorane i den regelstyrte resultatbaserte utteljinga*

| **Institusjon** | **Studiepoeng** | **Kandidatar** | **Utveksling** | **Doktorgrads-kandidatar** | **EU** | **Forskingsrådet** | **Publisering** | **BOA** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barratt Due musikkinstitutt | | | | | | | | |
| Høyskolen for dansekunst | | | | | | | | |
| Kunsthøgskolen i Oslo | | | | x | | | | |
| Bergen Arkitekthøgskole | x | x | x | | | | | |
| Noregs musikkhøgskole | x | x | x | x | | | | |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | x | x | x | x | | | | |
| Ansgar høyskole | x | x | x | x | | | x | |
| Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning | x | x | x | x | | | x | |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | x | x | x | x | | | x | |
| Høgskulen for grøn utvikling | x | x | x | x | | | x | |
| Høyskolen for ledelse og teologi | x | x | x | x | | | x | |
| Lovisenberg diakonale høgskole | x | x | x | x | | | x | |
| NLA Høgskolen | x | x | x | x | | | x | |
| Steinerhøyskolen | x | x | x | x | | | x | |

x = deltaking

### 4.2.1 Budsjettendring gjennom den resultatbaserte utteljinga i 2024

